

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage.

Stad: Austebygd skule

Tid: Tysdag 6.november 2018 – kl.18.00

Tilstades: Ingunn Straume, Knut Morten Straume, Magnhild Nøttveit, Heidi Berg Marås, Henning Dalland, Lotte B. Bauge, Marthe Ystebø, May Britt Vågenes Gjerde Vigdis Villanger og Birte Andersen Fjellsende

Therese Mjøs Bendiksen og Kenneth Blomvågnes hadde meldt forfall.

Sak 1: Konstituering av SU/SMU

Framlegga til leiar og nestleiar vart godkjend.

Sak 2: Det vart meldt **merknad til framlegg til vedtak**, v/elevrådsrepresentant Lotte B. Bauge; **Endringa som var ønska;**

- Oppstart måndag 6.januar i staden for fredag 3.januar 2019
- Siste skuledag vart då endra til fredag 19.juni i staden for torsdag 18.juni 2019
- Dette vart godkjend av SU/SMU

Vigdis orienterte om ombygging/utbyggingsprosessen v/barnehagen.

Det er kalkulert til ca.3 millionar kroner.

Ein skal bruka eksisterande bygg m/litt utviding.

May Britt skal etterspørja på førstkomande kommunestyremøte, 6.desember, kor langt ein er komen i prosessen.

Verksemdsplan/ Utviklingsplan –skulen og barnehagen.

Dette er planar som skildrar satsingsområda for barnehagen og skulen.

Satsingsområdet for barnehagen er; SPRÅK.

Satsingsområdet for skulen er; LESING.

Årshjulet for barnehagen.

Vigdis informerte om at det også i år vert eigen julegudsteneste for barnehageborna.

Dato: **Måndag 3.desember.**

Sak 5: Eventuelt andre saker.

Her informerte Vigdis om at skulen skal få læra om KODING. Elevane vil få ein kjennskap til dette faget, som frå 2020, vert eit nytt fag i skulen.


Måndag 12.november skal heile skulen ha temadag om KODING.

KODING: programmering, der ein lærer seg eit språk, som gjer at ein kan snakka saman med datamaskina.

Møtet slutt kl.19.00

Ref.: Birte Andersen Fjellsende

Austebygd skule, 6/11-18



RADØY KOMMUNE

Austebygd skule og barnehage,

Slettevegen 870-872, 5939 Sletta

Tlf: 56349145

e-post: austebygd.skule@radoy.kommune.no

Særutskrift frå møte i Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage tysdag 06. november 2018 kl. 18.00.

Tilstades på møte:

Ingunn Straume	(FAU - leiar barnehagen)
Knut Morten Straume	(representant frå foreldrerådet skulen)
Magnhild Nøttveit	(repr. for tilsette i barnehagen)
Birte A. Fjellsende	(repr. for undervisningspersonalet ved skulen)
Heidi Berg Marås	(repr. for andre tilsette ved skulen)
Henning Dalland	(foreldrerepr. SFO)
Lotte B. Bauge	(repr. for elevrådet)
Marthe Ystebø	(repr. for elevrådet)
May Britt Vågenes Gjerde	(repr. frå kommunen)
Vigdis Villanger	(rektor/repr. for kommunen)

Forfall:

Therese Mjøs-Bendiksen	(FAU - leiar skulen)
Kenneth Blomvågnes	(nestleiar FAU barnehagen)

Sak 2. Høyring på skule- og barnehagerute for Radøy for 2019/2020

Rådmannen gjer framlegg om at vedlagde skule- og barnehagerute skal gjelda i Radøy.

Vedtak: *Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage foreslår å «flytta» fredag 3.januar, som er skuledag, til fredag 19.juni som er fridag. Då vert fredag 3.januar fridag og fredag 19. juni vert skuledag (siste skuledag før ferien).*

Austebygd skule og barnehage 07.11.18

Ingunn Straume
nestleiar SU/SMU

Vigdis Villanger
skrivar



RADØY KOMMUNE

Austebygd skule og barnehage,

Slettevegen 870-872, 5939 Sletta

Tlf: 56349145

e-post: austebygd.skule@radoy.kommune.no

Kommunalsjef oppvekst
Olaf Hella


Uttale vedr. Skuleruta for 2019-2020.

Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage foreslår å «flytta» fredag 3.januar, som er skuledag, til fredag 19.juni som er fridag. Då vert fredag 3.januar fridag og fredag 19. juni vert skuledag (siste skuledag før ferien).

Austebygd skule 07.11.18

Med helsing

Su/skulemiljøutvalet ved Austebygd skule og barnehage


v/ Vigdis Villanger
skrivar